



BORE KYRKJE
SETT - FAMNA - UTFORDRA

Møtebok

Råd: Bore sokneråd
Møtestad: Kyrkjestova og Facetime
Dato: 15.04.2020
Tid: Kl. 19:00 - 22:00

Følgjene medlemmer møtte

Elisabet Haarr

Ivan Fjeld

Jens Kåre Bore Stokka

Jonas Meling Berge

Marita Midtun Finstad

Nicolai Homme

Torunn Renate Bore

Torill Steinvoll Bøen

Rolle

Medlem

Medlem

Medlem

Medlem

Medlem

Leiar

Nestleiar

Vara

Bore, 15.04.2020

Nicolai Homme
soknerådsleiar

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
20/016	Godkjenning av innkalling
20/017	Godkjenning av referat
20/018	Samtale om arbeidet - april
20/019	Informasjon frå og til fellesrådet - april
20/020	Evaluering årsmøtet 2020
20/021	NaMu-undersøkjing 2020
20/022	Møtebok februar
20/023	Gudstenesteliste hausten 2020



BORE KYRKJE
SETT - FAMNA - UTFORDRA

Arkiv:

JournalpostID: 20/311

Saksbehandlar: Elin Anita
Garpestad

Dato: 03.04.2020

Saksframlegg

Saksnr.	Råd	Møtedato
20/016	Bore sokneråd	15.04.2020

Godkjenning av innkalling

Forslag til vedtak:
Innkalling blir godkjent.

Bore sokneråd 15.04.2020:

BS- 20/016 Vedtak:
Innkalling godkjent.



BORE KYRKJE
SETT - FAMNA - UTFORDRA

Arkiv:

JournalpostID: 20/312

Saksbehandlar: Elin Anita
Garpestad

Dato: 03.04.2020

Saksframlegg

Saksnr.	Råd	Møtedato
20/017	Bore sokneråd	15.04.2020

Godkjenning av referat

Referer sak nr. 20/023

Forslag til vedtak:

Referer tilsak 20/023

Bore sokneråd 15.04.2020:

BS- 20/017 Vedtak:

Referer tilsak 20/023



Saksframlegg

Saksnr.	Råd	Møtedato
20/018	Bore sokneråd	15.04.2020

Samtale om arbeidet - april

Saksopplysningar:

Dei siste vekene har vist oss at me aldri må ta for gitt, måten me driv kyrkjelydsarbeid på. Brått måtte gudstenester og arrangement avlysast og utsetjast. Innspurten til konfirmantane vart endra og konfirmasjonane er utsett til hausten. Mykje trusopplæringsarbeid er sett «på vent» til betre tider. Likevel har stab prøvd å vera synleg overfor kyrkjelyden på digitale plattformer. Normalen er heimekontor, men ein frå stab vil vera på kontoret kvar dag. Me legg ut oppdatering på heimesida, FB og sender ut Infomail som før. I tillegg har me oppmoda folk om å ta kontakt dersom dei vil ta ein prat med oss. Soknerådet vil også bli involvert i lag med stab om å ringa eit utval av medlemmane våre.

Slik denne unntakstilstanden utvikla seg, vart ein tvungen til å bli kreativ. Det skal leggjast ut små andaktar/minigudsteneste på youtube før påske. Der vil ein ha fokus på påskedagane. Terje Idsø vil stå for filminga. Staben gjennomfører.

Slik det ser ut pr. 1. april, vil me ikkje få normale arbeidstilhøve med det første. Soknerådet drøftar andre tiltak som kan gjerast.

Forslag til vedtak:

Soknerådet drøftar og gjer vedtak i møtet.

Bore sokneråd 15.04.2020:

Stab har arbeidd bra oppunder påska. Me må nok belaga oss på å laga fleire videoar av formidling framover. Til dette vil det trengs noko utstyr og frivillige som kan gjera det. Eit anna tips kan vera å involvera fleire i menigheten og leggja ut små snuttar med medlemmar i menigheten.

BS- 20/018 Vedtak:

Soknerådet ønskjer å synleggjera menigheten ved å leggja ut små snuttar med folk i menigheten. Stab og frivillige lagar formidlingar på forskjellig vis.



BORE KYRKJE
SETT - FAMNA - UTFORDRA

Arkiv: KF-KF
JournalpostID: 20/292
Saksbehandlar: Elin Anita
Garpestad
Dato: 02.04.2020

Saksframlegg

Saksnr.	Råd	Møtedato
20/019	Bore sokneråd	15.04.2020

Informasjon frå og til fellesrådet - april

Saksopplysningar:

Representantane i fellesrådet informerer om nytt frå fellesrådet.
Soknerådet drøfter eventuelle saker til fellesrådet.

Forslag til vedtak:

Soknerådet drøftar og gjer vedtak i møtet.

Bore sokneråd 15.04.2020:

BS- 20/019 Vedtak:

Soknerådet tek saka til orientering.



BORE KYRKJE
SETT - FAMNA - UTFORDRA

Arkiv: KF-KF
JournalpostID: 20/257
Saksbehandlar: Elin Anita
Garpestad
Dato: 30.03.2020

Saksframlegg

Saksnr.	Råd	Møtedato
20/020	Bore sokneråd	15.04.2020

Evaluering årsmøtet 2020

Saksopplysningar:

Soknet hadde årsmøte etter gudstenesta 8. mars. Barna var i kyrkjestova og hadde kos og kino. Dette gjorde at folk tok seg god tid til årsmøtet. Kaffi og kake var sett fram i midtgangen og dette såg ut til å fungera godt.

46 stk deltok på årsmøtet og kom med mange gode innspel og kommentarar. Referat ligg ved.

Forslag til vedtak:

Soknerådet vurderer innspela frå årsmøtet og gjer vedtak i møtet.

Bore sokneråd 15.04.2020:

Flott at mange deltek på årsmøtet og at folk kjem med både ris og ros.

BS- 20/020 Vedtak:

Innspela frå årsmøtet vart teke til orientering.

Vedlegg:

Årsmøtet 8.mars 2020



BORE KYRKJE
SETT - FAMNA - UTFORDRA

Arkiv: KF-KF
JournalpostID: 20/291
Saksbehandlar: Elin Anita
Garpestad
Dato: 02.04.2020

Saksframlegg

Saksnr.	Råd	Møtedato
20/021	Bore sokneråd	15.04.2020

NaMu-undersøking 2020

Saksopplysningar:

I mars vart det gjennomført ei ny NaMu-undersøking i Bore menighet. Soknet gjennomfører slike undersøkingar jamnleg for å finna ut korleis det står til med «helsa» og kva ein arbeida med for å heva kvaliteten i menighetslivet. Sokenrådet tek utgangspunkt i resultata og drøftar kva fokus ein skal ha på menighetsutvikling vidare.

Forslag til vedtak:

Soknerådet går gjennom undersøkinga og gjer vedtak i møtet.

Bore sokneråd 15.04.2020:

Veldig godt resultat. Flott at det er kort avstand mellom minimumsfaktor og maksimumsfaktor. Samsvarar godt med tidlegare års undersøkingar.

BS- 20/021 Vedtak:

Soknet er på eit godt spor. Me vil halda fram arbeidet slik me gjer no.

Vedlegg:

NCD Status (diagrammer bare)



BORE KYRKJE
SETT - FAMNA - UTFORDRA

Arkiv: KF-KF
JournalpostID: 20/309
Saksbehandlar: Elin Anita
Garpestad
Dato: 03.04.2020

Saksframlegg

Saksnr.	Råd	Møtedato
20/022	Bore sokneråd	15.04.2020

Møtebok februar

Bore sokneråd 15.04.2020:

BS- 20/022 Vedtak:

Møtebok februar vart godkjent.

Vedlegg:

Møtebok 19.februar.docx



BORE KYRKJE
SETT - FAMNA - UTFORDRA

Arkiv: KF-KF
JournalpostID: 20/310
Saksbehandlar: Elin Anita
Garpestad
Dato: 03.04.2020

Saksframlegg

Saksnr.	Råd	Møtedato
20/023	Bore sokneråd	15.04.2020

Gudstenesteliste hausten 2020

Saksopplysningar:

Stab har gått gjennom gudstenestelista for hausten 2020. Pr. i dag kan framtida virka usikker, men me planlegg ut frå at arrangementa/gudstenestene blir gjennomført. Hausten 2020 vil i stor grad bli prega av at me må ta igjen utsett trusopplæringstiltak og konfirmasjonar. I tillegg vil me også få prøvd ut den nye ordninga med føremiddagssamlingar for familiar og kveldsgudstenester.

Forslag til vedtak:

Gudstenestelista hausten 2020 vert vedteken.

Bore sokneråd 15.04.2020:

Me reknar med at det blir weekend i september. Soknerådet diskuterer komite i maimøtet. Tema kan framleis vera Den Heilage Ande.

BS- 20/023 Vedtak:

Gudstenestelista hausten 2020 vart vedteke.

Vedlegg:

Forslag Gudstenesteliste Bore Hausten 2020